

Fonnabu-turen avlyst. Jondal i staden.

13.05.2016



Det vert tur til sommarskisenteret i Jondal

**Skigruppa hadde planlagt overnattingstur til Fonnabu frå laurdag til søndag no i pinsehelga. Interessa var svært stor, og 28 voksne og stor born meldte seg på. Dermed var turen fullteikna. Dessverre måtte turen avlysast grunna det kalde veret, men skigruppa har ein flott erstatningstur klar til sommarskisenteret i Jondal.**

Det store temperaturfallet med meldingar på 10 minusgrader ved Fonnabu, gjer at den milde og fuktige snøen frys til hard skare. Derfor er leiarane litt urolege for at dette gjer det farleg å ferdast, spesielt opp Rednedalen, og har dei vurdert det rett å avlysa turen.

Men dei har altså ein flott erstatningstur klar. Den går til sommarskisenteret i Jondal. Det opna for seongen 1.mai, og skiløparar som var der sist helg kan mæla om ypperlege forhold og fantastiske opplevingar. Der kan ein kosa seg i trekket eller i løypa på toppen. Avreise frå Uskedalen vert søndag morgen, og meir informasjon finn ein på facebook-sida til skigruppa.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.